

Tre vil bli fastlege

Bø kommune har søkt etter to nye fastlegar ved Bø legesenter. Søknadsfristen er nå ute og ein har tre reelle søkjarar. Kommunen opplyser at det blir halde intervju på jobbane i veke 40. Søkjarlista ser slik ut: Pavel Nenica, Sladjana Skoro og Ruth Hogstad-Erikstein. Ein fjerde søkjar (Yasser, Farhan Sheikh) har trekt sin søknad.



Ap for Midt-Telemark

Det er parti-politiske skilnader i synet på kven Bø kommune bør slå seg saman med. Det er flest Ap-veljarar som vel Bø og Nome. Høgre har færrest veljarar som er for Midt-Telemark.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Halvparten av dei som seier at dei ville stemme Ap om det var val i dag, seier at dei meiner det er mest naturleg for Bø å slå seg saman med Sauherad og Nome. Det kjem fram i ei meningsmåling som Norfakta Markedsanalyse har laga for Bø blad. Det er høgast blant partia.

46 prosent av dei som stemmer Frp og 45 prosent av venstreveljarane meiner det same. 44 prosent av senterpartiveljarane meiner Midt-Telemark er det naturlege, men det er også 23 prosent av veljarane til dette partiet som meiner det mest naturlege er å ikkje slå seg saman med nokon.

Mange Høgre-veljarar veit ikkje

Færrest tilhengjarar av Midt-Telemark finn ein i Høgre si veljargruppe. Her svarar 37 prosent at dei går for samanslåing med Sauherad og Nome. Men her finn ein også den

høgaste veit ikkje-prosenten; 21.

Blant Frp-veljarane meiner 17 prosent at det ikkje er naturleg å velje å slå seg saman med nokon av kandidatane. Blant KrF-veljarane utgjer veit ikkje-gruppa 17 prosent. Seks prosent er usikre.

Det er 83 prosent av Frp-veljarane som meiner at eit av dei tre alternativene som gjeld heile eller deler av Midt-Telemark er mest naturleg. 82 prosent av Ap-veljarane meiner det same. Blant dei er det også mellom ein og tre prosent som hamnar på ulike andre konstellasjonar som samanslåing med berre Nome, eller Seljord og Notodden.

SV mest skeptisk

SV-veljarane er mest skeptisk til ein Midt-Telemark-variant. 39 prosent vel dagens Midt-Telemark. 69 prosent går for ein av dei tre kombinasjonane, medan 14 prosent meiner det er naturleg for Bø å slå seg saman med Sauherad, Seljord og Lunde.

Senterpartiet blir rekna for å vere blant det mest reserverte når det gjeld kommunesamanslåing. Det er likevel 70 prosent av veljarane som enten vil ha dagens Midt-Telemark eller ei samanslåing med Sauherad og Lunde.

Blant dei som ikkje veit kven dei vil stemme på vel respektive 59 prosent ei form av Midt-Telemark-samarbeidet. Blant dei som ikkje vil svare eller stemme er talet 50 prosent. I dei to gruppene svarar 30 og 35 prosent «veit ikkje» eller meiner at «ingen» av dei er naturlege partnarrar.

- 1 barn t.o.m 13 år GRATIS i følge med voksen OSLO - GARDERMØEN: Kr 120,-
- 2 enheter bagasje GRATIS DRAMMEN - GARDERMØEN: Kr 220,-
- Cashless - kun betaling med kort KONGSBERG - GARDERMØEN: Kr 270,-
- Se  facebook® og www.now.no NOTODDEN - GARDERMØEN: Kr 320,-

now.no

NOTODDEN - KONGSBERG - DRAMMEN - OSLO - GARDERMØEN
54 AVGANGER DAGLIG - 365 DAGER I ÅRETI | Tlf. 488 55 900

VI KJØRER NÅ 54 AVGANGER DIREKTE TIL GARDERMØEN